


ÅRSMELDING 2023

Sykkylven sokneråd



ÅRSMELDING SYKKYLVEN SOKNERÅD 2023

Sykkylven sokneråd har hatt fylgjande medlemar 2019 - 2023:

Sokneprest:	Simen Elias Nordbrønd Myklebust (til sommar 2023)
Leiar:	May Lisbeth Hovlid Aurdal
Nestleiar/skrivar:	Torbjørn Støylen
Nestleiar 2	Björg Djupvik Grebstad
Medlemar:	Monica Breivik Orre, Therese Kristin Utgård, Linn Kristin Tårnes,

Varamedlemar:

- 1.Tor Mørkeseth (1.vara møter fast)
- 2.Marit Helen Akslen
- 3.Astrid Breivik
- 4.Therese Brunstad.

Val nytt sokneråd og bispedømeråd 11.09.23

Samtidig med offentlege val, vart det også valgt nytt sokneråd og bispedømeråd. Nominasjonskomiteen gjorde ein grundig og stor jobb; både gjennom direkte kontakt, ulike mediar, Nyss, gudstenester og anna. Også ved dette valet, fikk Sykkylven inn representant i Bispedømerådet Therese Utgård Aas. Sykkylven har hatt representasjon i BDR, kyrkjemøtet og kirkerådet sidan 2011.

Nyvalgt sokneråd 2023-2027 i funksjon frå 01.11.23

May Lisbeth Hovlid Aurdal	(leiar)
Therese Kristin Utgård Aas	(1.nestleiar)
Arne Martin Von Krogh-Bakkedal	(2. nestleiar)
Therese Stave Hovland	
Georgia Degirmenci Sandberg	
Eli Cesilie Myrene	(sekretær)

Varamedlemar:

- 1.Kari Myklebust
2. Roy Pettersen
3. Knut Lorents Fremstad
4. Christoffer Liljedal Stavseth
5. Asle Stenberg

Antal soknerådsmøter: 5 (6 i 2022)

Antal saker handsama: 34 (37 i 2022)

Overlappingsmøte gammalt/nytt sokneråd 24.10.23.

Det nyvalde soknerådet vart presentert på gudstenesta 12.11.23.

Soknerådet var på Folkevalde-opplæring på Gomerhuset, Skodje i november saman med folkevalde frå 24 sokn og 5 fellesråd.

Fleire timars tettpakka opplæring i demokrati, ansvar, oppgåver, styring.

Sokneråda skal på soknerådsmøta ha fleire E-læringskurs frå kirkerådet gjennom året.

Dette for å bidra til at sokneråda får meir opplæring i ulike tema gjennom perioden, samt for å styrke folkevalgterolla.

Av saker i Sykkylven sokneråd 2023 kan nemnast:

- Evaluering av å vere rådsmedlem / forventningar nytt råd
- Konstituering/val leiar, nestleiar, sekretær
- Evaluering / styrking folkevalgterolla
- Utlysingstekst ny sokneprest
- Førebuing val
- Aksjonen «Saman som kyrkje i heile verda»
- Jubileum Møre bispedøme 40 år
- Medhjelparfest/årsmøte
- Årsmelding
- Misjonsavtalar
- Offerliste/offersøknader

Viser til møtereferata på heimesida til Sykkylven kyrkje

(www.sykkylven.kyrkja.no/Om-oss/Sokneråda) for meir detaljert informasjon.

Anna : Strategisamling stab og soknerådsleiarar Loen august.

Representasjon frå sist rådsperiode

Kirkens Nødhjelp kontakt: Anne Lovise Aure Stave

Kirkens SOS representant : Torbjørn Støylen

Representant i misjonsutvalet : May Lisbeth Hovlid Aurdal, Therese K. Utgård

Representant i barne, ungdom og familieutvalet: Monica Breivik Orre

Representant i diakoniutvalet : Ingen frå soknerådet

Representant i kyrkjemessestyret : Bjørg Djupvik Grebstad Ny: Eli Myrene

Representant i utsmykkingsnemndene: Marit Helen Akslen og Simen E. N. Myklebust.

Representant i Grøn kyrkje: Marit Helen Akslen

Beredskapsgruppe:

Torbjørn Støylen, Monica Breivik Orre, May Lisbeth Hovlid Aurdal, diakon Kristin Kjemphol Lohne, trusopplærar Kathrin Notanes Riksheim.

Endringar stab:

Kathrin Notanes Riksheim si stilling vart 16.05.2023 endra til fast tilsett i 100% stilling trusopplærar.

Sokneprest Simen E. N. Myklebust sa opp si stilling med verknad frå haust 2023.

Prost Svein Runde fikk hjerneblødning 27.06.23. Arnt S. Solli tok over som konstituert prost.

I mangel av sokneprest hausten 2023 vart det gjort ein avtale mellom kyrkjevevje Arild Sporsheim og fungerande prost Arnt Sigurd Solli der kyrkjevevjen tok på seg ansvaret også med planlegginga av prestetenesta i gudstenestene. I samarbeid med prost fikk dermed kyrkjevevjen mandat til å arbeide fram gudstenesteplan og å gjennomføre gudstenestene ved engasjement frå lokale og andre prestar, og dei 3 gudstenesteleiarane saman m/ prest/talar.

Utover arbeidet med å sikre prestar og gudstenesteleiarar til gudstenestene førte vakansen til auka arbeidsmengde og belastning på den øvrige stab. Her kan nemnast ekstraarbeidet (m.a. også for kantor) i samband med planlegging, informasjonsflyt, kommunikasjon, infoark etc. til den enkelte gudstenesta.

Det vart også auka ansvar og arbeid i samband med konfirmantarbeidet der det vart gjort avtale med prost og kyrkjevevje om at truooplærar skulle ta spesielt ansvar for konfirmantopplegget. Kyrkjevevjen bidrog i ei undervisning ved akutt sjukdom. Det vart også auka ressursbruk av kyrkjeleg fellesrådsstilsette på konfirmant-weekendane.)

På vegne av Sykkylven kyrkjelege fellesråd har kyrkjeverjen dialog med prosten i forhold til at Møre bispedømme utbetalar økonomisk kompensasjon for summen av ansvar og utført arbeid i samband med mangelen av sokneprest/fast prest i Sykkylven sokn hausten 2023.

Endingar i staben og behovet for vikarar har gått relativt fint, men har også vore ekstra krevande for resterande stab. Det har også påverka begge sokna.

Prestevikarar i gudstenester

Helge Standal, Jan Løkkeborg, Ruth-Wenche Vinje, Oddmund Måseide, Hans Arne Akerø, Erlend Lunde, Roar Vik frå NMS – tale.

Soknerådet oppmodar om å bruke lokale vikar til tenesta.

Gudstenesteleiarar leke

Torbjørn Støylen, Kristin Lillebø og Svein Erik Kampenes.

Frivillige

Eit stort korps frivillige medarbeidarar bidreg med oppgåver i kyrkjelydsarbeidet.

Årsmelding for 2023 er forfatta av Sykkylven sokneråd.

Vi har bedt om innspel frå staben på dei ulike fagfelta. Det vert ein omfattande rapport, som SR ikkje tek mål av seg å forkorte, men trykker i si heilheit.

Forkorta framlegging vert på Årsmøtet presentert på powerpoint, med hovudpunkta og refleksjonar framover.

KYRKJELEGE HANDLINGAR

Gudstenester

Totalt gudstenestedeltakarar i 2023 er 8757 på 54 gudstenester.

I 2022: totalt 7567 på 51 gudstenester)

3 Konfirmasjonsgudstenester med 1641 deltakarar. (2022: 3 gudstenester 1138 deltakarar)

Julaften 2 gudstenester med totalt 765 deltakarar (2022: 3 gudstenester 541 deltakarar)

Jula 2022: markant færre enn vanleg på julaften, og vi sa det blir spanande å sjå om det er eit unntak, eller om det blir behov for meir fokus på invitasjon for julegudstenestene.

Sokneprest Simen Myklebust jobba til sommaren, og fleire vikarar har vore inne. Knut Farstad har også hatt gudstenester i Sykkylven kyrkje.

Leke gudstenesteleiarar Kristin Lillebø, Svein Erik Kampenes og Torbjørn Støylen har leia gudstenester og dette har vore eit svært positivt bidrag.

Gudstenestene i Sykkylven kyrkje følge ein felles mal som er gjenkjenneleg.

Eksempel på ulike gudstenester gjennom året:

Gudsteneste «**Saman som kyrkje i heile verda**» med dåp, spel, unge tekstlesarar, forbedarar, songarar og misjonsprosjekt i fokus. Involverte og engasjerte barn, familiar, besteforeldre på ein annan måte i både innhald og sangval. Påfølgjande fest i kyrkjeparken.

Utsendingsgudsteneste med forbøn i forbindelse med at sokneprest Simen Myklebust slutta i stillinga. Det var påfølgjande fest i kyrkjestova.

All Helgensdag vart markert med lystenning for dei 75 som var gravlagde dette året.

Velledalskoret gav denne spesielle dagen eit løft, gjennom tekster som :

«Lord bless You and keep You, and shine upon You.»

Alle kunne sjølve tende lys ved globane, etter at navna var oppleste held Prost Arnt Sigurd Sollid preika om kvardagsomsorg: fredsskaparar gjennom å være audmjuk, dele hjartevarme, være omsorgsfulle medmennesker og sjå andre, slik Jesus gjorde.

Konfirmantane delte kaffi og bollar, gravlys til å sette på gravene etter gudstenesta m/ skrifta: «*Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bære. Eg vil gi dykk kvile*». Kyrkja åpa mellom kl 10 og kl 15. Ca 300 til minning, fellesskap og lystenning.

Festgudsteneste advent:

Forventning med yrande liv, kø og kaos framfor nattverdsbordet. 11 åringer, konfirmanter, ungdomar, dåpsfølge, voksne, eldre; nattverd, utdeling biblar 11-åringer, Lys Vaken deltaking, Sykkylven Ungdomskor, kontor og Per Grønli løfta sangen, konfirmantar deltok og trusopplærar Kathrin Notanes Riksheim og Natalia A. Leknes ivaretok dei unge. Prest Erlend Lunde formidla om Jesus som brøyta vegen!

Saman med Ikornnes

Friluftsgudsteneste Ikornnes er ein annaleis gudsteneste, som åpnar for turgåarar og andre. Regnbogemessa i Ikornnes kyrkje vart også eit fargerikt fint supplement til dei ordinære gudstenestene, med Mary Roland som forrettar. Initiativtakarar frå begge sokneråda, samt deltaking frå stab, fellesråd og kommune.

Gudsteneste frekvens

I ei overgangsperiode har det vore to gudstenester på rad i Sykkylven kyrkje og så ei på Ikornnes. Dette for ikkje å ha samtidige gudstenester i ei tid med mindre ressursar. Dette kom først av at Simen Myklebust var i permisjon og ein valde å fortsette slik lengre enn planlagt, så den nye soknepresten på Ikornnes Knut Farstad kunne få komme skikkeleg inn i arbeidet før ein auka gudsteneste talet. Fleire frå begge kyrkjelydane har respondert positivt på dette og at det er fint å feire gudstenester saman.

Dåp

44 døypte i 2023 (36 i 2021, 33 i 2022) Flott at dåpstala våre ikkje går ned, men vi må følge godt med på tala, og sjå om det er meir vi kan gjere for å invitere og oppfordre til dåp. Om dåpstala går ned, vert det færre å sende ut informasjon og invitasjon om trusopplæring til.

Tidlegare fekk vi fødselsmeldingar frå sjukehuset og det vart då sendt ut dåpsinvitasjon/ informasjon til foreldra. Dette vart det slutt med for nokre år sidan grunna personvern og innstrammingar. Slik det er no, er vi prisgitt at foreldra sjølv tek kontakt fordi dei ønsker å døype barnet sitt.

Kanskje kan vi få lagt ut brosjyrer for på helsestasjonen, og annonsere i aviser og på nett? Drop-in dåp kan være eit tiltak, som bygg ned terskelen frå at dåp må være ein kostbar fest, til fokus på dåpshandlinga.

Vigsel

6 par vart vigsla i 2023 (9 i 2022, 8 i 2021). Kanskje er drop in vigsel, som fleire kyrkjelydar inviterar til, ein ide å prøve, - td 25.05.25 eller anna passeleg dato.

Gravferd

65 gravferder i 2023 (47 i 2022 / 73 i 2021). Mykje av det daglege arbeidet til staben handlar om møte med dei sørgande og gjennomføring av gravferder. Gravferder er ein viktig møteplass, med ei særskild muligheit til å møte alle i kommunen vår.

Når det gjeld minning skal presten gi ut ein personleg invitasjon til dei pårørande, og prest skal også sørge for minning påfølgjande helg i Sykkylven kyrkje. Sidan alle gravferder er i Sykkylven kyrkje, er også all minning der. Den som står som kontaktperson i samband med gravferda får personleg invitasjon til allehelgens dag.

Konfirmasjon (sjå under trusopplæring)

DIAKONI

2023 har vore eit år prega av mykje uro og krig ute i verda. Mange har også kjent på at økonomien har stramma seg til på grunn av den kraftige renteauken. Dette er noko mange i bygda og kyrkja naturlegvis har vore prega av i året som har gått. Det har også vore unntakstilstand i kyrkja sidan vi har mangla ei prestestilling. Til tross for dette har kyrkja saman med flotte frivillege klart å gjennomføre mange aktivitetar, tilbod og arrangement. Tanken bak dei ulike diakonale tilboda som er sett i gang og gjennomført, er å prøve og gi kyrkja og bygda kjekke fellesskap, glede, oppmuntring og omsorg. Ønsket er at tilboda også skal opplevast relevant og aktuell for mange, også for dei som ikkje jamnleg går i kyrkja.

Diakoniutvalet og diakoniplan

Utvalet består av seks medlemmer: Åse Irene Vestre, Ivar Vestre, Per Gunnar Holmberg, Lisbeth Stamgård Aure, Stein Vedvik og Kristin Kjemphol Lohne. I 2023 blei det ikkje gjennomført møter i diakoniutvalget. Diakon sette i 2023 i gang mange store og arbeidskrevande prosjekt som tek mykje tid og ressursar. Tidsmangel hos diakon var difor grunnen til at det ikkje vart gjennomført møter i 2023. Diakonen håpar imidlertid at utvalet kan kome i gang igjen i 2024. Utvalet er ein viktig støttespelar og resurs for diakonen og det diakonale arbeidet. Dei er også eit viktig organ som kan vegleie diakonen og vere med å peike ut retninga for det diakonale arbeidet i kyrkjene.

Diakoniplanen må reviderast i samarbeid mellom diakon, diakoniutval og soknerådet.

Diakonale tiltak gjennomført i 2023:

Andakter Jettegryta BUAS

I 2023 har det vore andakter annakvar onsdag kl 13.00 i Jettegryta på BUAS. Dagen for andaktene vart skifta frå tysdag til onsdag grunna at dette var eit bedre tidspunkt for både dei på BUAS og oss i kyrkja, sidan det ikkje er gravferd denne dagen. På våren var det Ikornnes sin sokneprest Knut Farstad, som hadde andaktene. Han fann ei flott form på stunda, der han involverte og fekk til gode samtalar med dei frammøtte. Andaktene blei avslutta med kaffe med noko attåt, tillaga av Lone Ramstad.

På hausten fekk tilbodet eit nytt navn «musikkandakt». Kantor, diakon og prest samarbeida då om å halde andaktene. Rose Iren Stave hadde blant anna to flotte musikkandakter saman med Per Grønli på trompet.

Mange på BUAS uttrykker glede over tilbodet. Bytte av dag har betydd mykje for oppmøtet og organiseringa av tiltaket. Med Knut i spissen har vi fått til eit godt samarbeid med Lone Ramstad som jobbar på dagsenteret. Dette har ført til at tilbodet har blitt mykje meir bærekraftig, noko som også var eit mål for andaktene i 2023. Vi satsar på å fortsette med både andakter og det gode samarbeidet med dagsenteret og Lone Ramstad i 2024.

Gudsteneste for BUAS og dagsentra

I 2022 inviterte vi BUAS og dagsentra til både påske og julegudsteneste i Sykkylven kyrkje. Diakonen hadde mål om å invitere BUAS og dagsentra til Sykkylven kyrkje før jul også i 2023. Tidene har imidlertid forandra seg. I dagens samfunn skal ein bo heime lengst mulig, dei som bur på BUAS no, er mykje dårlegare enn før. For mange blir prosessen og påkjenninga med å kome seg frå BUAS til kyrkja for stor.

Det opplevast også vanskeleg for diakonen å få til eit godt samarbeid med leiinga på BUAS om organisering og engasjement rundt dette tilbodet. Vi «snudde derfor på flisa» og valgte å ha førjulgudstenesta i Jettegryta på BUAS istaden for i Sykkylven kyrkje. Det vart ei fin og stemningsfull gudsteneste med nattverd. Knut Farstad var prest og Rose Iren Stave var kantor. Det var også flott trompetspel av Per Grønli. Det var kyrjekaffe etter gudstenesta. Diakon bestilte julemannar til alle frammøtte frå Stranda bakeri. For tredje året på rad var også Rotary med på å lage til og servere kyrjekaffien.

Det er fint å samarbeid med flotte lokale krefter på slike arrangement. Det betyr mykje både for arrangøren og brukarane av tilbodet.

Allhelgensgudsteneste – utdeling av gravlys

Den første søndagen i november markerte vi Allehelgens-gudsteneste i Sykkylven kyrkje. Dei som har mista nokon det siste året, er spesielt invitert og får tilsendt brev i posten med invitasjon. Vi delte som i fjor ut gravlys med englekort og bibelvers til alle dei frammøtte. Det blei også utdelt kaffe og varme bollar i våpenhuset etter endt gudsteneste. Dette for å gi dei som ikkje «vågar» seg ned på kyrkjekaffien eit alternativ. Bollane vart i år laga av frivillege. Serveringa og utdeling av gravlysa blei godt mottatt. Dei frammøtte gav uttrykk for at dei følte seg sett, møtt og ivaretatt. Vi hadde også opa kyrkja etter gudstenesta til kl. 15.00. Det var ikkje mange som nytta seg av dette tilbodet, men vi tenker likevel at den opne kyrkja er viktig og at det tar tid å innarbeide slike nye tilbod.

Konfirmantane var også i år delaktige med å lage til gravlysa, dele dei ut, og med å pynte og servere kaffe og bollar på sjølve Allehelgensdagen. Konfirmantar hadde også ansvaret for å lage til kyrkjekaffi i kyrkjestova. Dei gjorde ein fantastisk innsats, og opplevde også sjølve oppgåva som meningsfylt. Vi har eit stort ønske at konfirmantane fortset med denne diakonale tenesta i åra framover.

Opa kyrkje

Opa kyrkja vart starta våren 2022. I utgangspunktet er kyrkja opa kvar dag fra 10.00-14.00, men mandagar frå kl. 11.00-13.00 er kyrkja spesielt tilrettelagt med bønnevandring. Det vart og testa ut tilbod om opa kyrkje torsdagar kl. 19 – 20 hausthalvåret. Tanken var å knytte opakyrkje saman med tilbodet om bøn og meditasjon som også er på torsdag kveld. Tilbodet vart i liten grad nytta og vart derfor ikkje ført vidare i 2024. Opa kyrkje gir rom for ettertanke, bøn og stille. På opa kyrkje kan ein blant anna tenne lys, skrive bønelappar og lytte til musikk. Det er ikkje mange som brukar tilbodet, men det er ein verdi i seg sjølv at kyrkjelyden og bygda veit at kyrkja er opa kvar mandag og kan ta i bruk tilbodet ved ønske/behov.

Onsdagstreffet

I 2023 bytta Mandagstreffet dag fra mandag til onsdag og endra av den grunn navn til Onsdagstreffet. Onsdagstreffet er eit samarbeid mellom pensjonistlaget og kyrkja, og treffet starta våren 2022. Onsdagstreffet er eit treff for alle som er heime på dagtid. Treffet varer fra ca. 11.00 - 13.00. Felleskap, den gode samtale og ha det kjekt i lag står i sentrum. Det blei i 2023 servert vafler/sveler og kaffe/ te kvar gong. Programmet har vore variert og allsidig. Hausten 2023 starta treffet med å ha foredrag om kjente og kjære Sykkylvingar slik som Le Inga og Marie Aase med fleire. Dette blei svært godt mottatt og ein ønsker å fortsette med slike foredrag på treffa også i 2024.

Strikkekafe

Hausten 2022 hadde vi strikkekurs med Camilla Tafjord i Sykkylven kyrkje, for damer under 50. Det var eit kjekt kurs. 10 strikkeglade damer var med på kurset. Mange av damene ynskte å fortsette å strikke i kyrkja. Derfor starta vi våren 2023 ein strikkekafe i Sykkylven kyrkje. Kafeen er for alle i alle aldrar, nybegynnarar som vidarekomne. Kafeen er driven av Lisbeth Stamgård Aure og Torunn Kjemphol, og er kvar tredje veke frå kl. 18.30- 20.30. Det er ca. 12-20 personer på kafeen kvar gong. Det er enkel servering med kaffe/te/brus og lefser eller kake. Strikkekafeen er eit kjekt og sosialt tilbud og er eit viktig treffpunkt for personar som er glad i handarbeid.

Allsang på bygda

Våren 2023 var «Demenskor» vist på tv. Programmet blei ein stor suksess og det vart starta demenskor over heile landet. Det var spørsmål om ein også i Sykkylven skulle starte eit slikt kor, men kven skulle eventuelt starte dette tilbodet? Kommunen? Hukommelsesteamet? Mange ønska tilbodet velkomne, men kommuna hadde ikkje ressursar til å drive eit slikt arbeid.

Diakonen syns også tanken på eit demenskor var god, men å starte eit demenskor krev mykje ressursar og mykje organisering. I ei lita bygd er det heller ikkje lett å stable på plass eit heilt kor, då mange ikkje har lyst til å stå fram med sjukdommen. Demens er ein sjukdom som det endå er knytt mykje tabu og skam til, sjølv om det har blitt mykje bedre og det er meir åpenheit kring sjukdommen, er det enno ein lang veg å gå.

Mange som har sjukdommen demens har heller ikkje lyst til å skille seg ut, men vere «vanleg» og gjere «vanlege aktivitetar». Utifrå dette kom ideen om «Allsang på bygda».

Dette er eit tilbod for alle, sjuk som frisk, gamal som ung. Tanken er at ein kan kome slik ein er, og synge med stemma ein har. Her kan ein synge høgt, lavt, trestemt eller berre site og lytte til musikken. Det er ikkje krav til sangferdigheter, og ein bind seg ikkje opp til å vere med kvar gong. Ein kjem når en har anledning, lyst og tid. Fokuset er lave skuldrar, felleskap, humor og sangglede. Sang er folkehelse på høgt nivå, og er bra for absolutt alle.

Allsongen er vidare bygd opp slik som ønskekonserten på NRK. Først er det songar for borna, deretter songar med kristent innhald og tilslutt er det slagerar/populærmusikk.

Konseptet er også bygd opp slik at ein skal få litt bakgrunnsinformasjon om kvar song/komponist. Dette fordi det er kjekt å mimre, og når en veit litt om kvar song er det endå kjekkere å synge den enkelte songen. Bakgrunnsinformasjonen gjer det også litt meir spennande for dei som ikkje vil synge, men berre lytte. Etter songen er det servering av kaffe/te og påsmurte bollar i kyrkjekjellaren.

I 2023 hadde vi sju samlingar med «Allsang på bygda» i Ikornnes kyrkje fredag formiddag kl. 11.00. Tilbodet hadde godt oppmøte, alt frå 80 til 150 frammøtte. Det var god stemning og fantastisk god lyd i forsamlinga. Vi var så heldige at Askjell Molvær var pianist. På hausten var det også kvar gong med ein gjesteartist slik som Halstein Kurseth, Unni Haram og Anette Fet. Treffet er arrangert i samarbeid med sangglade pensjonistar og Helselaget. Helselaget står for flott servering kvar gong. I 2024 skal «Allsang på bygda» ha 1 års jubileum den 28. april kl 17.00. Då vil Kim Wigaard kome og synge saman med oss. Vi håper dette blir ein folkefest der vi vil invitere heile bygda på allsang.

Seniordagen

Seniordagen er ein dag då seniorane i bygda skal hedrast og det er eit samarbeid mellom kyrkja og kommuna. Kyrkja står for pynt, program og mat, mens kommunen står for den økonomiske biten. Ordføreren kjem også med ei helsing. Seniordagen har vore arrangert i ei årrekke, og det er Ikornnes sokneråd og Sykkylven sokneråd som saman med ein ansatt har hatt ansvar for pynt, servering, opprydning, oppvask, program med meir. På grunn av at det var midt mellom gamalt og nytt sokneråd,- og mangel på ressursar såg Sykkylven sokneråd seg nødt til å ikkje kunne vere med.

Diakonen ønska likevel å gjennomføre arrangementet. Dette både fordi tilbodet har lang tradisjon, men også fordi det ofte kan vere vanskeleg å få i gang igjen eit samarbeid med både kommunen og andre dersom samarbeidet først blir brote.

Seniordagen vart gjennomført med god hjelp fra Ikornnes sokneråd og frivillige. Ivar Johansen sto for mat og kaker bestilt frå Raus. Det var fullt hus og veldig god stemning. Det fyl mykje arbeid med eit slikt arrangement, og med eit sokneråd mindre merka diakonen arbeidsmengda godt på kroppen. Diakonen håpar å fortsette med seniordagen framover, men ser at begge sokneråda trengs for at tilbodet skal kunne gjennomførast i framtida. Samt at det er viktig å ha med forettande prest som ein av dei som står for samlinga.

Sorgseminar

Dette tilbodet blei første gang arrangert i desember 2021 med Odd Eidner og Solveig Kloppen. Vi arrangerte også sorgseminar i 2023. Sunniva Gylver kom då til Sykkylven med seminaret «Midt i alt som er»- ei fortelling om kjærleik, sorg og eksistensiell beredskap. Det vart eit flott arrangement med godt oppmøte og gode tilbakemeldingar.

Tanken bak arrangementet er at det skal vere eit steg på vegen til å snakke meir åpent om sorg, eit tema som angår oss alle, men likevel er så vanskeleg å snakke om. Tanken er også å utruste folk til å møte kvarandre i sorg, men også at seminaret kanskje kan vere eit bidrag i den einskilde sin sorgprosess. Sorgseminar fortset i 2024 med tema demens.

Juletreffest i pensjonistsalen på BUAS

Juletreffesten for bebuarane på BUAS har lang tradisjon og vore arrangert i ei årrekke, som samarbeid mellom logane i Odd Fellow og kyrkja. Kyrkja står for programmet, og Odd Fellow står for serveringa. Tradisjonen er å severe eit nydeleg sunnmørsk kakebord til stor begeistring for alle dei frammøtte. Presten i kyrkja har opprinneleg hatt ansvaret for denne festen, men sidan vi manglar prest har diakonen enn så lenge tatt over dette ansvaret. Reknar med at prest vert med, når ny prest er på plass.

Programmet består av andakt, julesangar, eit flott dikt/historie ved Oddny-Marit Eidheim og song av Barnekoret Super. Vi avsluttar festen med gong rundt juletreet. Barnekoret Super har dei siste åre vore med på juletreffesten og skaper «liv og røre», noko som er veldig kjekt og kjærkome. Ein juletreffest er ein fest der alle generasjonar samlast, gammal som ung, derfor er det veldig kjekt at vi også får til dette på juletreffesten på BUAS. Sjølv om dei som bur på BUAS er dårlegare pasientar, enn tidlegare, har desse festane godt oppmøte. Arrangementet er eit hyggeleg tilbod som pårørande og bebuarar kan gjere ilag.

Kurs i sosiale medier i Sykkylven kyrkje

Sosiale medier er ein svært viktig del av det å få ut informasjon om tiltak og arrangement som kyrkja har. Nesten all informasjon foregår idagens samfunn på nettet. Derfor er viktig at kyrkja er oppdatert på dette feltet. Diakonen har i fleire omgangar vore i kontakt med prostiet og etterspurt eit kurs i sosiale medier. Sidan prostiet per dags dato ikkje tilbyr slike kurs, valde diakonen og ta saken i egne hender.

Hausten 2023 arrangerte difor kyrkjene i Sykkylven kurs i sosiale medier for prostiet, sokneråd og frivillige. Heidi Olsen, kommunikasjonsrådgiver i Kirkerådet kom til Sykkylven kyrkje frå Oslo for å halde kurs for oss. Diakonen med fleire syns kurset var matnyttig og fekk mange gode tips og innspel. Sjølv om tilbodet var godt annonsert, var det få deltagarar på kurset. «Gi glede» var med å lage til og servere kaffe/te lunsj slik at staben kunne konsentrere seg fullt og heilt om kurset.

Til tross for kurs med gode innspel, tips og råd om sosiale medier, syns diakonen det er krevande å klare «nå ut» med kyrkja sine tiltak og tilbud i mylderet av alt som skjer på sosiale medier. Mykje arbeidstid og kapasitet blir brukt til å prøve markedsføre det som skjer i kyrkja. Diakonen er difor glad for all hjelp med «deling», «likes» og framsnakk av kyrkja sine tilbod, aktivitetar og arrangement i sosiale medier. Dette er noko vi alle må merke oss, - og være med å dele! Ide for 2024 kan vere ei gruppe som kan jobbe aktivt med å framsnakke alle dei flotte tilboda som kyrkja har i sosiale medier.

Vegen vidare

Diakonale tilbod som søndagsmiddag har ein ikkje klart å gjennomføre i 2023. Vi har ikkje dei same frivillige ressursane som før, og ein må tenke nytt. Dnk er tufta på frivilligheit og for å kunne arrangere tilbod slik som søndagsmiddag er ein avhengig av frivillege krefter.

Dei store spørsmåla blir i denne sammenhengen korleis kyrkja endå betre kan legge til rette for engasjement?

Korleis kan ein gjere det meir attraktivt å vere frivillig i kyrkja?

Korleis kan ein legge til rette for at den einskilde får oppgåver, - drive av lyst og ikkje plikt?

Korleis kan kyrkja gjere ein endå bedre jobb med sjå og følge opp alle dei som allereie er med som frivillege?

Dette er ein tematikk som ikkje berre angår kyrkjene i Sykkylven, men Dnk nasjonalt. Forskning viser at å gjere frivillig arbeid gir store helsegevinster, og er «vaksine» mot einsemd. Korleis kyrkja skal snu trenden, og få til større frivillig engasjement er spørsmål som vi som medlemar må ta med inn i 2024.

ANNA KYRKJELYDSARBEID

Misjon og misjonsutval

Misjonsutvalet sitt mål og mandat frå soknerådet er at misjon skal vere ein integrert del av kyrkjelyden sitt arbeid. Dette saman med frivillige og tilsette. Gjennom gudstenestearbeidet, forbøn, offer, informasjon og inspirasjon. Stoff frå Thailand og Kirkens Bymisjon vert jamleg lagt inn på heimesida, med oppfordring om fast givarteneste til misjonsprosjekta. Vi kan bli betre, gjennom å aktivt bruke inspirasjonsstoff, både verbalt i gudsteneste og andre samlingar, og visuelt på skjermar og heimeside. Trua kjem av forkynninga, og det er viktig at alle aldrar vert utfordra til å dele tid, ting, tru og talent. Kyrkjelyden har fornya misjonsavtalar i Thailand med NMS og Kirkens Bymisjon Møre for 4 år. Den norske Israelsmisjon har kyrkjelyden ingen avtale med, men det er tradisjon for å støtte med forbøn og økonomi.

Aksjonen «Saman som kyrkje i heile verda» 18.06.23 Aksjonen set misjonsavtalen med NMS/SMM på dagsorden. Digital spleis der ein kan støtte misjonsprosjektet i Thailand. Viktig at dette vert publisert på alle tilgjengelege digitale flater; skjermar, heimeside, facebook og kunngjeringar på gudstenestene. Bilder, informasjon, forbøn og innsamling. Vi er oppfordra frå bispedømet og Dnk nasjonalt om å ta del i aksjonen, også gjennom handlingsplanen for Dnk sitt globale oppdrag. Gudsteneste med misjonsfokus, og aktivitetsdag i kyrkjeparken rett etter gudstenesta. Misjonsløp, grill, bålpanne, tombola, loddosal og kyrkjekaffi ute.

Ein «folkefest» for fire generasjonar. Alle alle vil vi ha med - far og mor liten og stor. Fleire generasjonar let seg engasjere:

«Saman som kyrkje i heile verda» Sykkylven- Sommerfest - Storinnrykk – Samvær – Salg - Støtte - Sosialt - Sveive-klovnen- Snurre-lykkehjul - Sol- Søndagsskulen – Sukkerspinn - Super kor - Sporløp - Strikkaprodukt- Smeikjandegod-greskmat- Spørsmål - Sykkylven NMS misjonsprosjekt Thailand - Skaparen - Sokneprest Simen – Sokneråd - Stab - Supre-frivillige - Spredning-i-generasjonar - Synge, Samle inn, Sykle, Strikke, Spasere, Spele, Sy, Selgelodd -lodd - solidaritet med søsken i den verdsvide kyrkja. STAS! Ikkje berre gudstenestedeltakarar, men også folk frå bygda, frå sentrum og tilfeldige forbipasserande, deltok med sine barn eller oldebarn. Når det vart sagt frå fleire at det var positivt at kyrkja opna opp, kom ut til folket og inkluderte, då har vi nådd ein dobbel misjon med denne dagen. Ny «Saman-dag» planlagt 09.06.24 saman med søndagsskulen og kora.

Barne-, ungdoms og familieutval (BUF)

Ikorntes og Sykkylven sokneråd har felles barne, ungdoms- og familieutval og leiar har vore Marit E. Lunde. BUF har tidlegare samarbeidd og hatt møte saman med trusopplærar og ungdomsarbeidar. Ny trusopplæringskoordinator vil følge opp dette.

Samarbeid mellom utval

Viktig å sjå arbeidet i dei ulike utvala i høve til kvarandre, gi kvarandre innspel og arbeide saman. Misjonsutvalet sitt mandat seier: «*Misjon skal vere ein dimensjon i alt kyrkja er og gjer, for barn, ungdom og vaksne*».

Misjonsutvalet oppfordrar sokneråda til å tenke misjon innanfor eksisterande tiltak, framfor å lage nye tiltak for misjon spesielt. Bispevisitasen gav denne utfordringa: «*Misjonsdelen i trusopplæringsplanen er for liten og for lite konkret. Dette kan jobbast vidare med*».

Leiarar i ulike tiltak: fredagsklubben, søndagsskule, og Sprell Levende Unge Søndagsskole Hjelpere (SLUSH), tweens, konfirmantarbeid, sang og korarbeid og gudstenester kan få forslag frå misjonsutvalet og tilbod om besøk, for å vere med å gi innhald med misjonsperspektiv.

Dnk, NMSU og Søndagsskulen samarbeider no om å prøve ut det engelske Messy-Church konseptet i norske kyrkjelydar. Her er det stoff og besøk å hente inn i trusopplæringa. DELE-gudstenesta som kyrkjelyden har fått i gåve,- er også godt konsept. Slik kan ein gi kvarandre drahjelp, og skape heilskap i arbeidet. Aktivitetar kan vere gudsteneste med misjonsfokus, misjonsavtale-markering, middag og misjonsløp etter gudstenesta. Misjonsmidlar utlyst 2024!

Kyrkjemessa 30.september 2023

Ein flott frivillig gjeng stod også i år for messa. Variert program, kaker, varm mat og

gevinstar. Lokale bedrifter og butikkar stilte med rause gevinstar. Første del av dagen barnevenleg program. Andre halvdel program for vaksne. Kåseri Nils Einar Rye, og musikk av lokal gruppe; Fet, Lundanes, Tandstad og Braaten. Salsutstilling på kyrkjetorget ved Anne Mette Lade Johansen

Medhjelparfest og årsmøte 30.03.23

Intensjonen med denne samlinga, er å takke og inspirere. Sette pris på, sjå kvarandre og andre. Velkommen inn, du er verdifull og viktig her. Soknerådsleiar May L.H. Aurdal leia kvelden med dette fokus. Aurdal la fram Årsmelding på powerpoint; noko som viser eit mangfaldig og blomstrande arbeid på mange felt. Inspirerande å få sjå det store arbeidet som vert gjort i 7 dagars kyrkja vår. Trusopplærar og diakon løfta fram tema om å SJÅ kvarandre, sokneprest snakka om frivilligheit. Viktig at stab står saman med sokneråd og frivillige i dette. Alle vart invitert på Meditasjon og bønnesamling til avslutning i Kapellet.

Meditasjons og bønnesamlingar Alle er velkomen til bøn- og meditasjonssamling i kapellet, Sykkylven kyrkje, på torsdagar kl 20:00 til ca. 20:30.

Programmet: Salme, fast bøn om Jesu nærvær, 20 min stille bøn, fortsat bøn høgt/stille, Fader Vår og Velsigninga. Godt å vere stille i eit fellesskap. Dette er eit ope fellesskap, uforpliktande å vere med, der ein kan komen når ein kan. Om ein ynskjer kan ein ha ansvar for ei samling, men det er ikkje eit krav. Her skjer eit viktig arbeid. Det er kanskje ikkje like synleg som mange andre oppgåver, men dette viktige meditasjons- og bønearbeidet er med å bere anna arbeid. Guds ord løfter fram arbeid i bøn som grunnleggande viktig.

Husgrupper

Fleire husgrupper/bibelgrupper/bønegrupper, samlast utanom gudstenestene. Ulike opplegg.

Grøn kyrkje

Soknerådet har vedteke at Sykkylven kyrkjelyd skal vere Grøn kyrkje. Kyrkjeverge, diakon, sokneprest og Marit Akslen utgjorde utval som la vidare planar. Kyrkjetenar er leiar av utvalet og involvert i utføring av Grøn kyrkje. Det er sett i gang kompostering på gravplassen.

Utsending og avskjed sokneprest 20.08.23

Sokneprest Simen Elias Nordbrønn Myklebust sa opp stillinga si som sokneprest, for å starte som medarbeidar i NKSS Norges kristelege Student og skuleungdomslag. Forbøn for SP i gudstenesta, og utsending til vidare teneste. Etter gudstenesta var det markering med marsipankaker, talar frå prost, kyrkjeverge og soknerådsleiar. Kollegaer hadde Quis, og Simen fekk overrekket maleri med lokalt motiv.

Tilsettingsprosess ny prest

Ny ordning for tilsetting av prest frå 01.01.24, der sokneråda får ein representant i tilsettande organ. I påvente av ny ordning, gjorde vi førebuingar med utlysingstekster, og anna på hausten. Tilsetting ny prest av eige tilsettingsråd i februar 2024.

Økonomi

Kollekt: 2023 kr 226 747,- (kr 99 693,- til eiga verksemd)

| 2022 kr 219 481,- (kr 72 054,- til eiga verksemd)

Andre innsamlingar: kr 254 650,-

Givarteneste til trusopplæring, diakoni og kyrkjelydsarbeid aukar forsiktig (sjå vedlegg 2023)

Detaljert rekneskap kan ein få ved å ta kontakt med kyrkjeverja.

TRUSOPPLÆRING

Kontinuerlege tiltak

Aktivitetsklubb for barn med tilretteleggingsbehov

Starta mars 2022 for barn i alderen 8 år og oppover (inga øvre aldersgrense). Fredagar i kyrkjekjellaren Sykkylven, kl. 17.30-20. Ulike aktivitetar, enkelt måltid. Drive av foreldre og trusopplærar. Etter sommeren har konfirmantar hjelpt til med stor suksess. Frå oktober vart det gjort avtale med Ingrid Grande om frikjøp. Ho er tilstades på alle klubbkveldar. Totalt 19 klubbkveldar gjennomført, derav var tre foreldrestyrt. Godt motteke tilbud, viktig for dei som deltek. Kontinuerast i 2024.

Samarbeid med SIL Svømming om tilbod til barn med tilretteleggingsbehov frå februar til mai, sponsa av Sykkylven energi. SIL stilte med instruktørar/badevakter. Trening på «Trygg i vatn» og fri leik. Pilotprosjekt for utprøving/utvikling av tilbod. Følgast opp vidare av SIL.

Fredagsklubb

Tilbud for 5.-7. klassingar i kyrkjekjellaren Sykkylven. Populært tilbod med stor oppslutning. Aktivitetar, enkelt måltid og samling. Planlagt fire klubbkveldar på våren, samt ein spontan klubbkveld i november. Primær utfordring har vore å sørge for nok frivillige/foreldrevakter. Driven av Therese U. Aas i vårhalvåret. Trusopplærar har ikkje kapasitet til å drive dette tilbodet, det er derfor ikkje lagt planar om tilbod vidare.

Soknerådet ynskjer at det vert satsa ekstra på å få fredagsklubben opp å gå. Gjerne ved å sjå på om ein kan endre oppsettet, for å gjere det enklare å få tak i frivillige hjelparar.

Tweens

Tilbud for 5.-8. klassingar for ei avgrensa gruppe med utgangspunkt i søndagsskulen sine SLUSHARAR (unge leiarar i søndagsskulen). Dette for å finne ut av eit opplegg som fungerer med utviding etter kvart. Tenkt gjennomført ein gong pr. månad i kyrkjekjellaren Sykkylven. Diskusjon om å korleis nå ut til fleire tweens samtidig som ein klarer å ivereta eit trygt, kristent fellesskap som inviterar til samtale og undring. Ein misser dei som begynner på ungdomsskulen. Hovedfokus på samling med enten aktivitet, sang eller matlaging i tillegg. Tweensleiarar: Marit. E. Lunde, Jorunn L. Rausand, Kathrin N. Riksheim med bistand frå «bakaren» Liv Fauske. Grete Sporsheim meldte seg også som leiar på tampen av året. Kontinuerast i 2024.

Søndagsskule

Tilbud for alle born. Gjennomførast kvar søndag under gudstenesta. Brukar opplegget «Sprell levende», «Gullivergjengen» for dei minste borna og «Agent klubben» for barn i alderen 6-9 år. Det har ikkje vore gjennomført maxi-gjeng for eldre born.

SLUSH`arane – Sprell Levande Unge Søndagsskule-hjelparar

Fleire av borna i storskulen er medhjelparar under søndagsskulen. Slik sørger ein for eit opplegg også for desse. Denne ordninga har fungert fint og det verkar som om dei eldste borna synes dette er kjekt. Kvar vaksenleiar har 2-4 SLUSH`arar som dei har som sine medhjelparar og føl opp. For tida har vi 22 SLUSH`arar. Ordninga kontinuerast i 2024.

Breiddetiltak

Utdeling av 4-års bok

Felles utdeling av 4-årsbok under gudsteneste Sykkylven 12.02. og 19.02. på Ikornnes. Samling saman med søndagsskulen i etterkant. Alle 4-åringar i bygda fikk invitasjon i posten. Totalt 9 fikk bok, 6 + 3 stk.

Utdeling av 6-års bok

Utdeling av 6-års bok i gudsteneste 26.03. Sykkylven og 12.03. Ikornnes. Samling saman med søndagsskulen i etterkant. Alle 6-åringar i bygda fikk invitasjon i posten. Totalt 21 fikk bok, 18 + 3 stk.

Barabbas samling

Alle 5-åringar i bygda vart invitert til Barabbas-samling i Ikornnes 04.04. kl. 11-14. Samling med påskevandring i kyrkjerommet, sang, skattejakt, mat og aktiviteter. 15 barn med foreldre deltok. Heilt nytt opplegg der vi vandra/leika oss gjennom dagane i påskeveka; seks stasjonar bl.a. der borna fikk smake på vin og oblat, døype bamsane sine og lure på kvar Jesus i grava vart av. Opplegg som kan gjennomførast av ein person. Vellukka opplegg som kan brukast også i 2024.

Lys Vaken

Felles Lys Vaken vart gjennomført 02.-03.12. med overnatting i kyrkjerommet, Sykkylven. Samling med fokus på korleis Jesus er lys i liva våre og korleis vi kan være lys for kvarandre. Barna fikk bli kjent med kyrkja, det nye kyrkjeåret vart feira med festmiddag, lage bivoksllys og kampkveld. Borna deltok i gudstenesta med prosesjon, tenning av adventslys og lese adventsdikt. Bibelfortelling/skeodespel som innleiing til preika.

Annerleis-kongen

38 11-åringar deltok.

18 konfirmantar hjelpete til laurdag og søndag, noko som var positivt for opplegget. Anbefalar videreføring av ordning med konfirmantar. Natalia Leknes og Ingrid Grande var med som frivillige i tillegg til trusopplærar. Bistand frå Anna Myklebust og Karina Björk-Bergene i å leie grupper den første timen. Ellers foreldrevakter gjennom heile arrangementet.

Utdeling av Bibel

Utdeling Bibel i gudsteneste 26.11. Ikornnes og 03.12. Sykkylven. Konfirmantar tok imot 11-åringane, las opp namn og delte ut Bibelen på eiga hand. Ikornnes: 11 åringane vart med på søndagsskulen sitt opplegg. Sykkylven: Eiga samling i kyrkjesal 1, der dei fikk kort undervisning om Bibelen og korleis slå opp i den, etterfulgt av Bibelrebus der konfirmantar var lagleiar. Premiering til alle i etterkant. Bilrebus fungerte veldig bra. Invitasjon sendt ut til medlemar, delt ut totalt 39 biblar, 13 + 26 stk.

Tårnagent

Ikkje avvikla pga. ein treng mange ungdom/vaksne leiarar for å kunne dele opp i grupper. Arbeider med å få på plass ungdomsleiarar.

Konfirmantar 2023

66 konfirmert i Sykkylven: Totalt 78 konfirmanter (m/Ikornnes) har delteke i ulike diakonale og trusopplæringstiltak som ein del av obligatoriske aktivitetar dei skal gjennomføre iløpet av konfirmantåret. Så langt har dette vore ein stor suksess. Konfirmantane har delteke på Fredagsklubb, Aktivitetsklubb, førebuingar til Allehelgensdag med utdeling av bollar, kaffi og gravlykter, Lys Vaken og utdeling av Biblar til 11-åringar, kyrkjebok til 4- og 6-åringar. Kontinuerast for aktivitetar våren 2024. Anbefalar ordninga også for neste konfirmantkull.

Konfirmantundervisning i kyrkjekjellaren, samt husgrupper heime hjå medlemar av kyrkjelyden. To konfirmantleiarar i september på FU. Rasmus Elias Myklebust med som frivillig, samt 10 ungdomsleiarar. KRIK med som aktivitet konfirmantane kunne delta på utover obligatoriske gudstenester.

Fasteaksjon

Fasteaksjon vart gjennomført 28.03. Aksjonsform dør-til-dør. Komite bestod av Janita Kurseth frå Ikornnes, Anne-Lovise A. Stave frå Sykkylven og trusopplærar. Eitt planleggingsmøte, eitt møte for å førebu roder og bøsse, samt aksjonsdag. Oppgåver og ansvar fordelt mellom komitemedlemer. Det vart delt ut «gullbillett» på halvparten av rodene for å auke motivasjonen til konfirmantane som var bøssebærarar. Gullbillettane vart bytta mot gåvekort på Pizzabakern, som sponsa nokre. Suksess, bør gjentas i 2024. Brukte speidarane sine roder og kart. 2 frå Sykkylven sokneråd, samt skaffa frivillige til å hjelpe til der det var behov. Dette var ulikt.

Konfirmantforeldre ikkje involvert utover sjølve aksjonsdagen.
Samarbeid i komiteen fungerte veldig bra, god gjennomføring.
Statistikk for resultat ligg på Kirkens nødhjelp sine sider, logg på pr. kyrkjelyd.
Tips til 2024:

Konfirmantforeldre bør hjelpe til med å førebu bøsse. Pizza til konfirmantane når dei leverer bøsse i Sykkylven kyrkje. Samarbeid med kyrkjene på Stranda om pressemelding i NYSS.

Skule-/barnehage – kyrkje samarbeid

Påskevandring

To grupper frå Ikornnes FUS barnehage var på påskevandring i Ikornnes kyrkje 30.03. Nytt opplegg der vi vandra/leika oss gjennom dagane i påskeveka, seks stasjonar bl.a. der barna fikk smake på vin og oblat og lure på kvar Jesus i grava vart av. Etterpå var det bollar, pålegg og saft i kyrkjekjellaren. Vellukka opplegg som kan gjennomførast av ein person, og brukast også i 2024. Gis som tilbod til alle barnehagar i bygda.

Julevandring

Tilbod til alle barnehagane i bygda. Vi leikar oss gjennom juleevangeliet med sju stasjonar. Gjennomført av kantor og trusopplærar.

Ein dag i Ikornnes kyrkje, fem grupper, totalt 68 barn ekskl. vaksne.

To dagar i Sykkylven kyrkje, sju grupper, totalt 118 barn ekskl. vaksne.

Totalt var det 186 barn og knappe 50 vaksne innom.

Frivillige hjalp til med utdeling av julemenn og saft i kyrkje-kjellaren.

Gode tilbakemeldingar frå barnehagane. Veldig kjekt tiltak. Bør kontinuerast i 2024.

Tilbakemeldingar frå lærarar er at ein ved vandringar /gudstenester barnehage/skular bør ein legge vinn på å bruke nynorske songar, sidan det er det borna lærer.

Laget ved SUSK (Sykkylven ungdomsskule)

Samarbeid med Laget om lagslunsj ved SUSK. Oppstart september, møtast annakvar torsdag. Følgast opp av Simen N. Myklebust. Trusopplærar skal være primær vaksenkontakt etterkvart når opplæring er på plass.

Anna

- Trusopplærar tilsett i 100% fast stilling frå august.
Tar utdanning som menighetspedagog ved sida av jobb. Ferdig sommer '24.
- Trusopplæringsplan 2023- ferdig rapportert
- Rapporter SSB 2023 – ferdig
- Lokal deltaking på Trusopplæringskonferansen på Gardermoen

SONG OG MUSIKK

Organist

Kantor har vore i 100% stilling. Organist Tor Einar Steinsvik har vore i 20% stilling.

Grunna prestemangel-situasjonen, har innhaldet i stillingane vorte litt annleis.

Vi har hatt redusert antal gudstenester, med same rytmen som før var berre om sommaren: 2 søndagar i Sykkylven kyrkje, 1 søndag i Ikornnes kyrkje. Det har gått fint.

Sjølvs om det har vore færre gudstenester, har det vore mykje ekstraarbeid på dei hovedtilsette, også kantor, i samband med planlegging og førebuing av gudstenestene, konfirmantarbeidet, m.m. Kantor har samarbeidd med ulike musikarar og songarar, og fast

kvar veke hatt øving med trompetist Per Grønli. Han har delteke i nesten alle gudstenester kantor har spelt i.

Lovsangsgruppa

Med Jorun Rausand, Helene Kampenes og Alice Pettersen ved piano, har gruppa teke del i ei gudsteneste pr mnd. Ved eit par gudstenester har dei hatt musikalsk ansvar åleine, utan organist. Det er fint med variasjon, og gruppa er trygge i tenesta.

TRIO med band har hatt jamnlege øvingar. Dei har sunge på bedehusfestar og konsert i Straumgjerde bedehus, i Hundeidvik, på Orreneset, Stranda, Skodje og andre stadar, og dei heldt konsert i Sykkylven kyrkje 29.03. saman med Credo Brass, og konsert saman med Anette og Lena Fet 22.10.

Andre kor og korps, konsertar og musikk i gudstenester

Credo Brass heldt konsert i Sykkylven kyrkje saman med TRIO m/band 29.03., spelte i gudstenesta i Sykkylven kyrkje 17.05., 1.Påskedag, og på BUAS julaftan.

Sykkylven Gospelkor har øvingane sine i kyrkja mandagar. Husleige gratis mot at dei syng i to gudstenester pr halvår. Organist Steinsvik er deira faste pianist, og dei har sunge i gudstenester saman med han, i tillegg til nyttårskonserten, jubileumskonsert 14.06., og på julekonsert.

Velledalskoret har øvingane sine i kyrkja torsdagar. Dei sang på Sorgseminaret og i gudstenesta Allehelgensdag, i tillegg til nyttårskonserten, Jubileumskonserten sin, julekonsert og julenattinè.

Sykkylven Blandakor sang i gudstenesta i Sykkylven kyrkje 17.05.

Organist Rune Johnse Klevberg frå Liabygda og Olsvik i Bergen, heldt orgelkonsert 09.07.

Sykkylven Janitsjarorkester øver i kyrkja i desember fram mot julekonsert og 1.juledagsgudstenesta som dei har gjort til ei stor festgudsteneste i lang tid. Dei heldt også konsert 07.01.: «Musikalsk fyrverkeri», saman med to operasongarar og kantor.

Nyttårskonserten er eit godt samarbeid mellom musikkleiar Åge Frøystad, Sykkylven musikkråd, kor og korps, og kyrkja. I 2023 starta konserten med eit stort felleskor der også Jippikoret frå Ikornnes kyrkje var med og song: «Oh happy day».

Ungdomsorkesteret «Indre strøk» spelte i gudstenesta 05.03., med dirigent S.Skrede.

Stårheim Songlag, med dirigent Trine Ramnefjell, kom på besøk til Sykkylven kyrkje 12.11. Dei song på gudstenesta, og held konsert. Fint gjensyn med tidlegare organist Trine.

16.09. Møre Bispedøme 40 år. Dette feira vi i Sykkylven kyrkje med åpen kyrkje, Allsong og konsert på galleriet med kantor Rose Iren Stave og trompetist Per Grønli.

Konsert på BUAS

Musikkleiar Åge Frøystad organiserer kvart halvår ei dugnadsliste der kor og korps kvar sine helger held konsert på BUAS. Også kyrkjelyden sine kor deltek i denne dugnaden. I tillegg har kantor i 2023 halde 3 konsertar/musikkandakter på BUAS saman med trompetist Grønli.

Orgelklubben i Møre

Leiar Kantor Rose Iren Stave saman med kantor i Geiranger og Hellesylt, Gunnar Inge Eide. Dette er eit tilbod som viser seg å apellere særleg til unge gutar. Grunna tett program, fekk dei dessverre ikkje gjennomført samlingar i 2023, men i jan 2024.

Barokk for ungdomsskulen

Kantor tilbyr Ungdomsskulen årleg at 8.klassene får kvar sin time på galleriet når dei lærer om barokk i musikk. Då møter dei kantor i barokk-kostyme og får høyre barokkmusikk på orgel og cembalo. Dette vart i 2023 gjennomført i april.

Sykkylven Ungdomskantori

I 2023 starta kantor Rose Iren Sykkylven Ungdomskor med ei øving 29.06. og opptreden i gudstenesta i Sykkylven kyrkje 02.07. 29.09. starta so dei faste øvingane kvar torsdag kl.18 i Kyrkjesal 2. Dette er samtidig med at Velledalskoret øver i Kyrkjesal 1.

Kyrkjetenar Karl J. Gjevenes og Tor S. Erstad har gjort ein stor jobb med å få flytte miksepulten inn i kyrkjerommet, slik at dørene mellom kyrkjerommet og kyrkjesal 2 kan latast att. Jorun Rausand er fast vaksenleiar saman med kantor, og har øvinga saman med ei frå Velledalskoret dersom kantor er vekkrest.

4 faste jenter med, frå 7.klasse og opp til 18 år, men det har også vore med eldre unge jenter på øvingar og opptredener. Jentene har vedteke nytt namn:

Sykkylven Ungdomskantori. Korgruppa er medlemar i Ung Kyrkjesong, som undergruppe under Sykkylven Barnekor.

Dei song i gudsteneste i Sykkylven 03.12., på julekonsert i Ikornnes kyrkje 10.12., og i Julaftengudsteneste i Sykkylven. Dei fine kappene har dei fått låne frå Volsdalen kyrkje.

Babysong

I 2023 leia kantor Rose Iren Babysang kvar torsdag ca.kl.12:20, med foreldre-/barn-treff kl.12:00 til 14:00. Dei heldt til i Kyrkjesal 1, og har hatt godt frammøte heile året, vanlegvis frå 9 til 15 babyar.

5 torsdagar arrangerte dei Babysang på BUAS, til stor glede for dei gamle.

Sykkylven Babysang har også i 2023 vore eit gratis tilbod der foreldre og babyar kan kome når det passar. Dette er ein god møteplass for å bli kjend med andre med barn på same alder, og også flyktningekontakt har fulgt nye mødre til kyrkja på babysang.

Barnekoret Super

Barnekoret Super er eit kor for alle barn frå 3 år til og med 1.klasse. Barnekoret har øving i Sykkylven kyrkje annakvar onsdag, i enkelte høve nokre fleire øvingar før til dømes opptreden. Koret nyttar mobilappen Spond, der leiarane legg ut tider for øving, felles beskjedar og tips om nye songar. Dei nye songane finn ein om ein søker «Barnekoret Super» på Spotify.

På korøvingane varmas kroppen og stemma opp med bevegelsessongar, syng glade songar om Jesus, har formingsaktivitet, leikar og et mat i lag før øvinga er over.

I 2023 har vi hatt 12 ulike opptredenar ved bedehuset på Aure og i Straumgjerde, i kyrkjene, pensjonistsalen og ved BUAS (Aldersheimen i Sykkylven).

I mars arrangerte barnekoret vårfest i kyrkjekjellaren, der det vart song på både norsk og Ukrainsk. Det vart servert mat frå ulike nasjonalitetar og salg av lodd, stort besøkstal.

Før sommarferien vart det arrangert internasjonal familieleir ved Fjellseter ungdomssenter. 49 små og store overnatta frå fredag til søndag. Samarbeid om laurdagen med Flyktningstenesta med besøk av flyktningar frå mange land. Til saman nærmare 90 deltakarar Søndagen vart det arrangert Gudsteneste, dette var og svært vellykka.

Leiarar i barnekoret Super har vore:

Natalia Alborno Leknes, Anna Myklebust (tom juni 2023), Julie Helen Lermo bidreg praktisk Våren 2023 hadde vi pianist frå Ukraina: Oksana Fedorova

34 registrerte medlemmar 2023, (av dei tre vaksne) 31 betalande vår og haust. Godt nøgde med ein auke på 20(!) medlemmar. Fekk frifondmildar på 4 235 kroner, til familieleiren søkte vi og fekk kr 15 000 frå Musikkens studieforbund.

Jippikoret

Styreleiar: Kathrin Notanes Riksheim
Kasserar: Trine Camilla Berg-Gerashchenko
Sekretær: Siri Iversen
Musikalsk leiar: Rose Iren Stave
Styremedlemmar: Nora Johanne Iversen og Marisol Notanes Arias

Dirigent og pianist: Rose Iren Stave

Dirigentar og medhjelparar: Nathalie Kanestrøm, Kathrin Notanes Riksheim og Siri Iversen.

8.mars, og på opptreden på kyrkjedagane 11.mars, var Einy Fauske med.

I gudstenesta 2.påskedag var Anne Rita Kvistad Utgård dirigent.

På BUAS 14.mai og i gudstenesta 18.juni var Natalia Leknes dirigent.

Årsmøte 20.04. Sykkylven kyrkje. Val nytt styre utsett grunna få frammøtte. 3 styremøter.

Øving

I 2023 har koret hatt øvingar heile vårsemesteret frå og med 04.01. til og med 14.06.

Tilsaman 21 øvingar, med 18 born som var på 3 til 12 eller fleire øvingar.

Øvetid: onsdag rett etter skulen; yoghurt/havregryn kl.14.00 -14.30, øving kl.14.30 – 15.30.

I forkant av opptreden i 2.påskedagsgudstenesta Rose Iren på 2 øvingar på skulen i skuletida; Anne Rita Kvistad dirigent og alle born i småskulen pluss dei eldre elevane i koret. Hausten 2024 vart dessverre eit pause-semester i koret, pga ingen dirigent saman m/kantor.

Opptredener

- 15.01. – Nyttårskonsert Sykkylven kyrkje. Sang med det store felleskoret: Oh happy day
- 05.02. – Gudsteneste i Sykkylven kyrkje, med Kantorileiarkurs-koret
- 11.03.– Kyrkjedagane på Ikornnes
- 10.04. – 2.påskedagsgudsteneste Ikornnes kyrkje, samarbeid med Sørestranda skule
- 14. 05. – Minikonsert på BUAS
- 14.06.– «Hentekonsert» med premieutdeling, onsdag kl.15.30 Ikornnes kyrkje
- 18.06. – Familie- og misjonsgudsteneste i Sykkylven kyrkje, SAMAN, med uteaktivitetar
- 04.11. – Revmatikerforeningens basar, saman med Barnekoret Super
- 29.12.– Juletreffest Ikornnes kyrkje. Sang saman med Barnekoret Super

Kantorileiarkurs 03.-05.02. Sykkylven kyrkje.

Jippikoret var arrangør, og 7 av korsongarane våre var med. Tilsaman 26 deltakarar frå Sykkylven, Stranda, Geiranger, Molde, Ålesund, Kristiansand og Meldal. 4 instruktørar, m.a. Rose Iren. Kathrin N. Riksheim lokal tilretteleggar. Sang i gudstenesta Sykkylven kyrkje.

Premiar Premiar delt ut 14.06. 1stk 6-årspremie, 2 stk 5-årspremie, 4 stk 4-årspremie, 6 stk 3-årspremie, 6 stk 2-årspremie og 1 stk 1-årspremie.

OPPSUMMERING OG TANKAR FRAMOVER FOR 2024

Den norske kyrkja har desse måla for arbeidet:

1. Gudstenestelivet blomstrar
2. Fleire søker dåp og trusopplæring
3. Folkekyrkja engasjerar seg i samfunnet
4. Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja

Sykkylven kyrkje er ein del av Dnk, og soknerådet ynskjer det skal syne att i at vi har same tekster som kyrkjene elles i landet, slik at anten ein går i eiga gudsteneste, må site heime og være med på skjerm, eller deltek i gudsteneste andre stadar, kan ein få same bibeltekstene. Og, - at det vi arbeider med lokalt, også skal dra mot same mål som den landsdekkande kyrkje vi er ein del av.

1.målet til Dnk er : Gudstenestelivet blomstrar

Kva gjer vi, - og kva kan vi gjere,- for at gudstenestelivet blomstrar hjå oss? Gudstenester som kan være noko for ulike målgrupper; faste kyrkegjengarar, men også dåpsfølge, konfirmantar med foreldre, barnefamiliar og andre, er viktig.

Familiegudstenester har blitt etterlyst av fleire; der ein ikkje sender borna «vekk» under gudstenesta, saman med ein foreldre, men kunne feire saman.

Fleire NRK sendte gudstenester den siste tida kan gi inspirasjon til dette.

Viktig å ha dei ulike målgruppene for auge, når vi veit dei er til stades i gudstenestene.

Ved konfirmantpresentasjon og andre gudstenester der det er mange både konfirmantar og foreldre, er det særskildt viktig at dei vert både sett, høyrde, og henvendt seg til. Og at formidling både gjennom tale, songval og anna viser ein ynskjer å nå dei. Det vil legge grunnlag for vidare «kommunikasjon», gode samtalar og samarbeid.

Når vi dei ikkje då, når vi dei heller ikkje seinare. Vi har fått nokre tilbakemeldingar som ikkje har vore positive, der hverken foreldre eller konfirmantar har kjent seg nådd.

Men også gode tilbakemeldingar der konfirmantar har blitt henvendt seg til, og involvert.

Begge deler må vi ta på alvor, fordi vårt oppdrag er å **«ha vår oppmerksomhet henvendt på alt som kan vekke og nære det kristelige liv».**

Dnk sin visjon er **«Meir himmel på jorda»**, og strategien har ambisjon om at **kyrkja skal åpne nye rom for tru, være der livet levast og være meir for fleire.»**

Dette handlar også om det andre målet

2. Fleire søker dåp og trusopplæring

Når ein konfirmantar og foreldre med relevant formidling, - vil ein kunne sjå dei tilbake for å døype sine eigne born. Vi må arbeide målretta for å invitere til dåp, og oppfølging av den.

4.Målet : «Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja» vil også bli påverka av kommunikasjon og kontakt vi som kyrkje har hatt med dei unge.

3. Folkekyrkja engasjerar seg i samfunnet

Gudstenester der vi inviterar sørgande, inviterar til seiniordag og anna, er ein måte at kyrkja engasjerar seg i «samfunnet» og det som skjer der.

Viktig at vi som kyrkjelyd er tilstades, og er oss bevisst på å «sjå», snakke med og møte menneske som er særskildt inviterte. Korleis ein vert møtt når ein kjem til kyrkje, kan gjere stor forskjell om ein kjem tilbake eller ikkje.

Vil vi invitere til «*ein heim i di kyrkje på jorda*» må vi være tilstades og la folk kjenne seg velkomne og ivaretekne.

Gjennom det diakonale arbeidet viser vi også i høg grad at vi som kyrkje engasjerar oss i samfunnet, gjennom tiltak som td «Allsang på bygda» i samarbeid med Helselaget og andre, og ved å sette livsutfordringar som sorg og demens på agendaen.

Presse og presentasjon

I tidlegare meldingar har vi sagt: «Vi vil invitere til frivilligheit og fellesskap, samt bruke sosiale og andre medier aktivt; informasjonsfilm, foto/videogruppe med konfirmantane, samt heimesida og Nyss. Vi kan frimodig dele i media til både informasjon og inspirasjon om kva som skjer i kyrkja. Det er viktig å ha ein bevisst strategi og plan rundt dette for kyrkjelyden i vidare arbeid. Vi vil arbeide vidare med det i 2024.»

Sykkylven sokneråd har hatt fokus på at vi skal presentere arbeidet i kyrkjelyden gjennom auka bruk av sosiale medier og lokal presse. Viktig at både tilsette og frivillige med frimod presenterar det vi har å tilby som kyrkje, samt «deler» og «liker» kyrkjelege arrangement. Slik kan vi kome ut til folket med tilboda våre og inkludere fleire i den folkekyrkja vi er. Slik viser vi også at vi er ein nødvendig del av samfunnet.

Prioriteringar og posisjon

Dnk sin sjølvslagte posisjon i samfunnet er svekka, og ein del piler peikar nedover, som td dåpstal og gudstenestedtakarar. Om vi i Møre enno har gode tal, er det retninga ellers i landet.

Vi må gjenoppdage oppdraget på nytt, og kanskje lære av andre land i Europa der sekulariseringa har kome endå lenger enn her. Det kan gi oss hjelp til prioriteringar og retningsval. Utfordringa for kyrkja er å sjå dei kontaktpunkt som finns, og skape nye gjennom å være både proaktiv og lyttande.

Første bud for evangelieformidling: Vi må våge å være til stades der folk er – når kyrkja vert invitert inn i menneske sine liv, som i gravferd, dåp og bryllup, men også når kyrkja må invitere seg sjølv.

Det er derfor heilt avgjerande å søke samarbeid og samhandling med ulike lokale og nasjonale aktørar for å kjempe for skaperverket, løfte fram menneskeverdet og lytte til og møte menneske sine religiøse behov.

Tal og statistikk (ligg vedlagt)

Rapportar, tal og statistikk er viktig. Samtidig viktig å halde oppe dei verdiane som **ikkje** kan målast i statistikk. Verdiar som ikkje kan analyserast i effektivitet, tal og skjema.

I kyrkja forvaltar vi viktige verdiar som ikkje kan målast. Hverken omsorg, tru, livsmot eller bærekraft i motgang kan førast opp i skjema. Som kyrkje må vi halde menneskesynet høgt. Det kristne menneskesynet avheng hverken av produktivitet eller marknadsverdi.

Som kyrkje må vi internt legge endå meir til rette for den unike muligheita kyrkjelege medarbeidarar har til å vere medmenneske, vise omsorg, ha samtalar, sjukebesøk, og samver med menneske i kyrkjelyd og nærmiljø.

Vi håper kyrkja i samfunnet først og fremst vert oppfatta som bærar av verdiar som ikkje kan målast i statistikk, og som forsvarar eit menneskesyn som ikkje avheng av avkastning, tap eller nytteverdi.

Radikal inkludering

Om nokon lurar på kvifor Jesus vart grunnleggaren av verdas største religion, finn vi kanskje eitt av svara: Aldri før har nokon praktisert ei so radikal inkludering. Jesus verka som ein magnet på prostituerte, kvitsnippkriminelle, tiggjarar, menneske med alvorleg psykiske lidningar, fiskarar, heidningar og mange andre.

Sjølv var han vanskeleg å plassere. På den eine sida var han fødd utanfor ekteskap, og vaks opp i ei bygd ingen trudde det kunne kome noko godt utifrå. På den andre sida var Han ein rabbiner som samla mange, men også gjorde store tegn og under.

Dobbelheita og inkluderinga kuliminerte Palmesøndag. Han kjem som ein konge, men vel eit esel framfor hest. Han vert hylla, men av «feil» folk. Himmelen og jordas skapar vil helst ha lovprising frå dei som står lavt. Dei utvalgte Gud seg.

Dette gjer kyrkja til ein av dei mest radikale institusjonar som fins i samfunnet. Ein føregangsinstitusjon for: omsorg for fattige, psykisk og fysisk sjuke, uønska, flyktningar, menneske med rusproblem og andre som fell utanfor.

Kvar søndag kjem det til uttrykk i nattverden: Menneske frå alle samfunnslag og kategoriar er mottakarar på lik line. Alle får del i det same: Kristi kropp, - Kristi blod gjeve for oss!

Dette er prinisippet i kyrkja sitt vesen. Men er det praksisen her hjå oss?

Kanskje lar nokon være å delta i fellesskapet fordi dei ikkje har «klær til det», eller ikkje helse,- har kroppslege utfordringar; ikkje kjenner rituala, kulturen, eller folka?

Korleis er det med kyrkja si «omsorgsteneste», - omsorgen for sjuke, dei som er forhindra å delta i fellesskapet? Er det sant at alle er viktige, også når ein ikkje kan yte? Eller ventar vi til folk igjen dukkar opp, og kan bidra? Omsorg for «fråverande» kan ikkje henge kun på tilsette, - men er ei utfordring til oss alle, lemer på Kristi lekam. Når ein lem lid, - lid vi andre med? Her har kvar ein av oss ein viktig oppgåve gjennom veka. Møte, invitere, besøke og dele.

Saman

Det diakonale arbeidet har sett gode avtrykk for kyrkja sine brukarar og folk som vanlegvis ikkje oppsøker kyrkja. Godt samarbeid med andre organisasjonar har vore fruktbart, og noko ein bør satse på framover også.

Soknerådet vil takke staben og alle frivillige for svært god innsats. I Sykkylven kyrkje, i Den norske og verdsvide kyrkje er vi mange som vil lyfte saman.

Vi har mulighet til å kome saman; har fridom til å møtast om ordet og ved bordet. Vi har kyrkjerom og ressursar. Ulike, men alle har noko å bidra med. I lys av søsken i den verdsvide kyrkje som ikkje har det; kan vi bruke mulighetene til å være med å dele.

Vi håper vi også gjennom det kan vere med å skape **”meir himmel på jorda”** lokalt, nasjonal og globalt.

For Sykkylven sokneråd

May Lisbeth Hovlid Aurdal

- Soknerådsleiar -

Therese Utgård Aas

- nestleiar -

Arne M Von Krogh-Bakkedal

- 2. nestleiar-

VEDLEGG 2023

Kyrkja i Sykkylven - Ikornnes

Statistikk 2010 - 2023

Gudstenestestatistikk 01.01.23-31.12.23

Personlege gaver til kyrkjelydane.

I KRISTUS

Gleda og evangeliet sitt budskap er kjerna i kyrkja sitt arbeid i Sykkylven. I Han kan vi formidle håp og framtid både her og i evigheita. Det gir oss frimod til å kalle oss ei kyrkje for folket som søker å skape meir himmel på jorda ved på peike på Han, og invitere og legge til rette for ulike fellesskap gjennom ord og handling.

I Jesus Kristus er det summen av alle «fot- og handavtrykk» som ér kyrkja i Sykkylven-Ikornnes.



GLEDE, SORG OG SAKNAD

Denne gleden samlar oss til fest og glede, men vi opplever også kyrkjene som viktige «anker» og «storstuer» i bygda, særleg ved kriser og ekstensielle situasjonar som møter oss. Her er det dedikerte personar som er budd til å stille opp som kriseteam når dette trengs.

FOLKEKYRKJE

Den norske kyrkja i Sykkylven-Ikornnes har ei stor medlemsmasse og søker å være ei relevant kyrkje som formidlar håpet og dei gode verdiane ved å være skapt av Gud og invitert til å leve i fellesskap med Han, og gjennom Han, med kvarandre.

MEIR HIMMEL PÅ JORD

I dette søker vi å gi meir av gode erfaringar og opplevingar med Han og Hans himmel i vårt lokalsamfunn og med fokus på vår neste i den vide verda.

DIAKONAL

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Og denne omsorgen blir vist gjennom inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

MANGFALDIG FELLESSKAP

Han inviterar oss til felleskap med seg og at dette samlar oss til fellesskap med kvarandre uavhengig av kva vi kan, våre roller og prestasjonar. Her ønskjer vi alle velkomne, akkurat som ein er.

LEGGJE TIL RETTE FOR ENGASJEMENT


I dette søker vi å kontinuerlig legge til rette for ulike engasjement av både frivillige og lønna medarbeidarar.

SAMARBEID

Vi gler oss over samarbeidet med med ulike lag og foreiningar, organisasjonar, næringslivet og kommunen. Med NAV, Flyktingekontoret og Kriminalomsorgen. Og vi gler oss over at andre trussamfunn (øumenisk) også er brukarar av kyrkjene. I dag har den Den katolske kyrkja gudstenester i Ikornnes kyrkje omlag ein gong i månaden og Den eritreisk ortodokse kyrkja har gudstenester i kapellet i Sykkylven kyrkje kvar søndag gjennom heile året.

DET SKJER I KYRKJA

Gjennom dei ulike engasjementa, både ved frivillige og lønna medarbeidarar, gler vi oss difor stort over alt arbeidet og alle møtestadane vi har i og ved kyrkjene i Sykkylven og Ikornnes.



SAMFUNNSANSVAR

Kyrkja er eit trussamfunn som ønskjer å være ein aktiv samfunnsaktør. Det gjeld vårt ansvar for skaperverket, for freds- og forsoningsarbeid, bekjempe fattigdom og å verne om mennesket unike verdi uavhengig av evne, rolle og prestasjon.

KULTURLIV

Sang, musikk, dans og drama høyrer Gud og kyrkja til. Vi gler oss difor over å ha gode lokaliteter slik at ulike kor og korps, speidarane og andre er aktive brukarar av kyrkjene.

År	Ta gudste nester	Tal deltakarar	Snitt	Tal nattverd gudsten ester	Tal nattverd	Snitt	Gudsteneste på søn- og helgedag	Tal deltakarar på søn- og helgedag	Snitt	Døyppte
2010	68	12452	183	30	2132	71	51	10082	198	60
2011	68	12709	187	30	2519	84	55	10774	196	61
2012	68	13380	197	27	1975	73	55	11323	206	60
2013	70	14218	203	31	2383	77	55	11601	211	49
2014	70	14953	214	32	2689	84	56	12585	225	56
2015	64	12377	193	33	2811	85	51	10466	205	51
2016	65	10479	161	27	1939	72	50	10479	210	40
2017	63	11516	183	36	2729	76	51	7348	144	40
2018	59	11881	201	40	3073	77	50	8469	169	37
2019	60	10921	182	42	2733	65	51	7711	151	48
2020	57 (+32)	4920 + (14399)	86 eller 217	25	1330	53	46	3760	82	41
2021	74	5067	68	22	1638	74	58	3127	54	36
2022	51	7567	148	32	1716	54	43	5504	128	33
2023	54	8757	162	33	2378	72	46	6413	139	44

Gudstjenestestatistikk

Valgt periode: 01.01.2023 - 31.12.2023

Sted(er) BUAS- Digitalt- Sykkylven- Utandørs / anna stad

Utskriftsdato 09.02.2024

Antall gudstjenester og deltakere

	Antall gudstjenester	Antall deltakere
Avholdt på søn - og - helligdager?	46	6413
Avholdt utenom søn - og - helligdager?	8	2344
Totalt(sumfelt)	54	8757

Fordel totalt antall gudstjenester på nytt, etter hvilket sted de foregikk

	Antall gudstjenester
i soknets kirke(r)?	3
på institusjon i soknet?	0
på et annet sted, verken i soknets kirke(r) eller på institusjon i soknet?	51
Totalt antall gudstjenester	54

	Antall gudstjenester	Totalt antall til nattverd	Totalt antall til skriftemål	Totalt antall deltakere
3.C.1 Gudstjenester med nattverd	33	2378		4430
3.C.2 Gudstjenester med skriftemål	0		0	0
3.C.3 Gudstjenester særlig tilrettelagt for barn og ungdom	2			411
3.C.4 Gudstjenester for barnehagebarn	2			144
3.C.5 Gudstjenester for skoleelever	3			883
3.C.6 Gudstjenester med dåp	18			2760
3.C.7 Konfirmasjonsgudstjenester	3			1641
3.C.8 Julaftensgudstjenester	2			765
3.C.9 Gudstjenester i påsken	2			302
3.C.10 Gudstjenester Kristi Himmelfartsdag	0			0
3.C.11 Gudstjenester i pinsen	1			133
3.C.12 Gudstjenester med samisk innslag	0			0
3.C.13 Allehelgensgudstjenester	1			291
3.C.14 Økumeniske gudstjenester	0			0
3.C.15 Temagudstjenester med fokus på miljø, internasjonal diakoni og/eller misjon	1			159

Hvor stort beløp ble samlet inn ved offer/kollekt i kirken? kr 0,00 (Til egen menighet: kr 0,00)

Personlege gåver i kyrkjelydane Ikornnes og Sykkylven

Fast gjevarteneste til trusopplæring, diakoni og kyrkjelydsarbeid

År	Ikornnes sokn	Ant. gjevarar	Sykkylven sokn	Ant. gjevarar	Samla sum	Sum gjevarar pr. 31.12.
2023	kr 30 800,00	14	kr 223 850,00	26	kr 254 650	40
2022	kr 28 750,00	14	kr 220 900,00	29	kr 249 650	43
2021	kr 23 150,00	13	kr 218 200,00	31	kr 241 350	44
2020	kr 6 900,00	2	kr 205 850,00	29	kr 212 750	31
2019	kr 5 400,00	2	kr 175 302,00	24	kr 180 702	26

Totalsum 2019-2023:

kr 1 139 102

